




Steinar og Sigbrit klar til avgang frå Uskedalen

Det er ikkje tvil om at vi er inne i ferietida, no aukar trafikken gjennom fjorden av eldre og yngre farkostar av alle slag. Ein ettermiddag var det fullriggaren Christian Radich som toppa lista, i dag er det den 50 fot lange katamaranen Rabbetausa. Båten har ikkje noko med Rabben Feriesenter å gjera, han tilhøyrrer pensjonert fabrikkkeigar Steinar Undertun som er på rundtur på Vestlandet i eitpar veker saman med kona Sigbrit. uskedalen.no møtte dei og fekk sjå nærmare på den unike båten då dei var innoom båthamna i Uskedalen i dag.



Rabbetussa ruvar ved bylgjebrytaren

Paret er frå Sogn men det er i Skodje 3 mil frå Ålesund dei har lagt ned livsverket sitt som yngste sonen no har teke over.



Dette er kahytt for gjestar

Verksemda har i stor grad satsa på produksjon av redningsutstyr og passasjerdører til ferger og hurtigbåtar men også logistikk og robotløysingar for næringsmiddelindustrien og landgangar til hurtigbåtar og offshore-farty.





Sigbrit presenterer ein maritim dekorasjon ho har laga til båten

I fjor vart Rabbetausa produsert som den første båt og Undertun kallar henne unik.

- Båten er framfor alt verket til den kjende skipskonstruktør Ola Lilloe-Olsen og kan nyttast til alt mogeleg, frå sjark via husbåt til

ambulanserbåt.

Sjølv med små motorar held den ein fart på 26 knop, fortel Undertun og viser oss lugarane som har plass til 6 og toalettane som det er 3 av.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen